

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	23.03.2022
Vår referanse	2022/601-4
Dykkar referanse	20/1754 - 22/16395
Sakshandsamar	Tone Bøyum
E-post	Tone.Boyum@vlfk.no
Telefon	47781807

Detaljregulering - tilsvar og førespurnad om møte - gnr 137 bnr 693 m.fl. - Stølsmarka - Alver kommune

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg, forvaltning bergensområdet viser til brev mottatt 25.02.2022.

Alver kommune viser til tidlegare korrespondanse og sender vidare tilsvar frå plankonsulent som ynskjer eitt nytt møte for å drøfte forhold rundt trafikkanalysen. Dette fordi dei meiner at våre merknader datert 21.01.2022 kjem av ei feil i tolkinga av analysen.

Vi vil først vise til dialogmøte hos Statsforvaltaren i Vestland med påfølgjande samordna uttale datert 04.05.2020, der det var semje om at planområdet skulle utvidast for å ta med seg kryssområdet mellom fv. 565 Alverflaten og kommunal veg Alvermarka:

Statens vegvesen har også vurdert at konsekvensane av tiltaket ikkje er tilstrekkeleg utgreidde med omsyn til trafikktryggleik og framkome i krysset med fylkesvegen. Temaet vart diskutert. Det var semje om at det er naudsynt å utvide planområdet slik at krysset vert vurdert og regulert. Det bør også vurderast om ein også skal ta med gang og sykkelveg langs fylkesveg 565. Fylkesmannen vil ikkje avskjere motsegna frå Statens vegvesen på dette punktet.

For at vi skal trekke motsegna må dette punktet oppfyllest.

I analysen pkt 3.2 er det vist til ÅDT på 6800 på fylkesveg. Dette er i følgje våre system tal frå 2020. Vi anbefaler ikkje å nytte desse tala til planlegging, dette fordi trafikkmengda kan vere misvisande med bakgrunn i Covid – situasjonen. Ser vi på tal frå 2019 er ÅDT 7200 på denne strekninga. Denne trafikkmengda er også lagt til grunn for trafikkanalysa som vart utarbeidd i februar 2020, og var bakgrunn for at vi kommenterte at det var nytta 2020 - tal i analysen.

Trafikkanalysen vil berre utgjere ein liten del av vurderinga om krysset er tilstrekkeleg dimensjonert og trafikksikkert. Vegmynde finn ikkje at trafikkanalysen svarar ut problemstillingane som var bakgrunn for motsegn.

Vi vil ikkje vere avvisande til eit nytt møte, men ser det lite føremålstjeneleg med bakgrunn i materiale som er tilsendt.

Med helsing

Hege Løvteit
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Tone Bøyum
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Postadresse **Telefon** **E-post**
Postboks 7900 05557 post@vlfk.no
5020 Bergen

Heimeside **EHF-Fakturaadr.** **Organisasjonsnr.**
www.vestlandfylke.no 821311632 821 311 632

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND AVD BERGEN

Kaigaten 9

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål